NU sitt nemnde vedtak og klagen illustrerer godt den privatrettslege konflikta. Kommunen hadde her ingen reguleringsplan som kunne tene som verktøy for å angi tiltaka i høve til grensene for naustet si stø slik denne var definert gjennom tidlegare heimelspapir. Det var heller ikkje muleg for kommunen å ta standpunkt til om fyllinga var utført i strid med Sætre sin bruksrett. NU gjorde difor eit vedtak som skulle hindre den mest openberre urimelegheita.

I si behandling 08.10.2008 av klaga viser fylkesmannen også til at "fornøden baadstø" må definerast gjennom privatretten. Når det gjeld tilbakeføringa av støa synest fylkesmannen å vere samd med kommunen i at dette er eit tiltak av mindre omfang som kan "passere" i medhald av (dåverande) plan- og bygningslov § 116 b.

Merknad 3

Det kan med dette leggast merke til, og bør vektleggast, at tilhøvet til § 116 b er vurdert av kommunen. Det vil ikkje vere aktuelt for kontrollutvalet å ha noka meining om utfallet av vurderinga, dvs. resultatet av skjønsetøvinga, så lenge sakshandsamingsreglane er følgde og konklusjonen ikkje er åpenbert urimeleg. Det er dette siste som kan stillast spørsmål ved dersom det er slik at normal naustbruk var hindra. Men kommunen sitt styringsverktøy, reguleringsplanen, avklarar ikkje kven som her hadde rett.

6. Privatrettslege avklaringar

Ved dom av 03.04.2009 fastslo jordskifteretten Sætre sin rett til 5 m stø og steinvor på bnr. 16. Dermed var eit langvarig privatrettsleg stridstema ute av verda.

Sætre krevde no at naboen Stave vart pålagd å rydde / lage til att støa i samsvar med dei rettane som framgår av jordskifteretten sin dom, samt å senke vegbanen og fjerne vassrøyret som leiar overflatevatn inn mot naustveggen. Sætre har seinare kritisert Sykkylven kommune for ikkje å "handheve" jordskifteretten sin dom.

Merknad 1

Krenking av privat eigedomsrett i naborettslege tilhøve er normalt ikkje ei sak for plan- og bygningsmyndigheitene. På det privatrettslege området vil kommunen oftast mangle både kompetanse og heimel for å treffe avgjerder og slik vart det vurdert her.

Sykkylven kommune viste til fylkesmannens vedtak av 08.10.2008 og sende saka til fylkesmannen for avgjerd. Sætre hevda på si side at teknisk sjef hadde tatt parti i saka.

Fylkesmannen stadfesta (14.08.2009) avgjerda og viste til at Sætre eventuelt måtte gå til domstolane.

Merknad 2

På dette tidspunktet blir det opplyst at Sætre framleis ikkje får båten sin inn i naustet sitt. Dei privatrettslege eigedoms- og bruksrettstilhøva var no klare. Spørsmålet er om kommunen her burde ha vurdert om, og til tilfelle kva for, verknader dette skulle få for tidlegare vedtak. Det er likevel ikkje noko som tyder på partisk behandling i kommunen.

Ved dom av 05.05.2011 slo tingretten fast at Stave måtte dekke kostnadene ved opprydding av støa. Ansvarsgrunnlaget i saka var skuldansvar. Det vart lagt til grunn at Stave kjende til støretten før han starta utfyllingsarbeida. Plan- og bygningslova var ikkje tema.

Merknad 3

Dommen viser at det økonomiske anvaret for opprydding ikkje var ei sak for plan- og bygningsmyndigheitene.

Då Sætre sin advokat klaga vidare på utforminga av vegen og stø-oppryddinga, viste NU den 03.02.2010, i sak 11/10, til at

- det var gått lang tid sidan vegen vart opparbeidd
- vegen har liten ålmenn betydning

slik at det ikkje var aktuelt å behandle saka.

Gjennom denne uttalelsen låg det ikkje føre eit enkeltvedtak med grunngevingsplikt og klagerett, noko som er påpeika av fylkesmannen den 23.02.2011.

Merknad 4

Sekretariatet legg her merke til at fylkesmannen vurderer tilhøvet til plan- og bygningslova sine handhevingsreglar. Desse framgjekk av § 10-1 og 116 b i plan- og bygningslova fra 1985. I dag lyder den tilsvarande bestemmelsen slik:

§ 32-1. Plikt til å forfølge ulovligheter

Kommunen skal forfølge overtredelser av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven.

Er overtredelsen av mindre betydning, kan kommunen avstå fra å forfølge ulovligheten. Beslutning om dette er ikke enkeltvedtak.

Det må kunne legges til grunn at også kommunen har vurdert desse pliktene som kommunen har etter lova.

7. Eiga sak vedkomande omdisponering av rorbuer m.v.

I 2011 søkte Harald Stave m.fl. om dispensasjon frå reglane i kommunedelplanen og i plan- og bygningslova §§ 1-8, jfr. 19-2. Søknaden gjaldt høve til overnatting i 2. etg. i nausta. Når det gjeld vegen vidare til rorbueene og betongkaia er det uklart korleis Sætre kan vere direkte berørt.

Den 15.11.2011 vedtok kommunen å avslå søknaden. Leiaren i NU opplyser i notatet sitt av 19.11.2012 at søkjarane har avfunne seg med avslaget.

8. Vurderingar

Ein stor del av saksgongen skriv seg frå den uklare gamle bruksretten til stø som vart meir aktuell frå 2006 då Sætre etter løyve bygde opp att naustet. Bruksretten til stø og vor frå 1905 ligg nesten utelukkande på Stave sin eigedom, bnr. 16. Før utskiljing i 1952 var dette same eigedom, dvs. Knut-garden.

Utgangspunktet for Sætre som nausteigar var at det kunne reisast tvil om kva rettar Sætre hadde. Ein kan ikkje laste kommunen eller andre for dette. Vidare var plangrunnlaget spinkelt som grunnlag for tiltak med t.d. veg og særleg når det kom til nabokonflikt.

Stave si planmessige utfylling i fjøra frå ca. 1993 kan ha hatt samanheng med at her kom ei ny nauststø på det friområdet som ligg inntil hans eigedom. Størettane legg beslag på den private strandlina han elles eig.

Når det gjeld vegen på bnr. 16 så synest denne å følgje den uoffisielle planen utarbeidd av kommunen i 1989, likevel slik at planen ikkje løyser alle spørsmål, f.eks. når det gjeld høgder. Bygging innafor ein slik plan må likevel kunne vurderast som unnskyldelig, men dette har det vore lite fokus på. Sekretariatet har heller ikkje høve til å kontrollere det nye naustet opp mot reguleringsplanen, men konstaterer at i 1969 skjer veglina etter reguleringsplanen gjennom det dåverande naustet på Sætre sin eigedom, gnr. 39 bnr. 4.

Sykkylven kommune kunne ha tatt tak i avvik frå planmaterialet vedkomande vegen.

- det er imidlertid eit skjøn kva som er vesentleg avvik
- vi kan ikkje sjå at Sykkylven kommune har avhalde seg frå å vurdere faktiske tilhøve opp mot lova

Med jordskifterettens rettskraftige dom vedkomande eigedoms- og bruksrettstilhøva på staden:

- Sykkylven kommune burde ha vurdert om tidlegare vedtak sto seg i høve til dei nye opplysningane dommen ga – dette ville ha styrka tilliten til at vurderingane var rette
Vidare ville nytt enkeltvedtak kunne ha gitt klagerett og dermed større rettstryggleik

Det kjem ikkje fram i dokumenta kva for plan Sykkylven kommune har styrt etter når det gjeld veg og detaljplan.

- Sykkylven kommune må kritiseras for at aktuell del av den kommunalt utarbeidde reguleringsplanen frå 1969 framleis ikkje er oppdatert i 2008 eller seinare sjølv om den ville få aktualitet for ålmenta

Med svakt planverktøy vart styringa av konflikta i høve til plan- og bygningslova vanskeleg. Ein à jour reguleringsplan med tilstrekkeleg detaljnivå ville ha vore ein betre reiskap for styring av veg-tiltaka som vart sette i gong utan godkjenning eller søknad.

Fylkesmannen reiser ikkje kritikk av Sykkylven kommune i nokon av dei framlagde avgjerdene. Og klageinstansen har full prøvingsrett, dvs. kan prøve alle sider ved saka utan å vere bunden bunden til berre å handsame klagaren sine anførsjar. Likevel vegrar fylkesmannen seg ofte for å gripe inn i det lokale sjølvstyre.

9. Høyringsvar, jfr. kommunelova § 77 nr. 6

Det er viktig at administrasjonen sine kommentarar er fullstendige. Sekretariatet ser at saka kunne vore betre belyst tidlegare. Sjølv om Nærings- og utviklingsutvalet sin leiar ikkje har rett til høyringsvar etter kommunelova § 78 tredje ledd så har den tilført ny informasjon.

10. Planstrategi

Saka gir eit døme på at det vart overlate til private partar å løyse spørsmål som ein ikkje finn forventna svar på i eit utilstrekkeleg kommunalt planmateriale. Kommunen har ansvar for kommunal planlegging.

Dette gir grunn til å minne om pbl. § 10-1 som er ny i plan- og bygningslova av 2008. Etter denne kan kommunestyret også avgjere om ein gjeldande arealplan, f.eks. reguleringsplan, bør reviderast.

11. Konklusjon og framlegg til vedtak

Dei ulike spørsmåla i saka grip langt inn i plan- og bygningsregelverket. Det skjøn som forvaltninga utøver på dette feltet er berre lite eigna for etterprøving av eit kontrollutval. I desse sakene bør utvalet avgrense seg til å sjå på avgjerder som klart er i strid med lova og der det frie skjønnet kan vere ugyldig. Imidlertid inngår dette i prøvingstemaet i klagesaker som kontrollutvalet ikkje kan overprøve. Kontrollutvalet er ikkje ein klageinstans.

Kontrollutvalssekretariatet har etter dette følgjande framlegg til

vedtak:

1. I tillegg til høyringssvaret av 07.05.2012 frå rådmannen er det mottatt nye faktiske opplysningar frå Nærings- og utviklingsutvalet sin leiar, samtidig som meir fullstendig informasjon er innhenta frå m.a. fylkesmannen.
2. Sykkylven kommune kunne ha vurdert spørsmål i den konkrete saka på nytt og gjort enkeltvedtak etter at relevante privatrettslege tilhøve var rettskraftig avgjorde.
3. Lite detaljerte og til dels motstridande planvedtak synest å ha vanskeleggjort offentlegrettsleg styring av fleire av konfliktpunkta i saka.
4. Kontrollutvalet tar til vitande dei nye opplysningane i saka, som elles blir å stille i bero.

Harald Rogne
dagleg leiar

TEGNFORKLARING

Vedlegg 1

REGULERINGSGRENSE



BYGGELINJE




TOMTEGRENSE



BOLIGBEBYGGELSE




OFF. BEBYGGELSE, INSTITUSJONER




FELLESAREAL





FRIOMRÅDE



VEGER M. BREDDE, STIGNINGSFORHOLD
OG KURVATUR



GANGVEGER



SYKKYLVEN KOMMUNE

REGULERINGSPLAN FOR DEL AV

KNUTGARDEN-IKORNNES

ANDERSSON & SKJÅNES A-S (ASA)

REV.

MÅL.

TEGN.


NR.

1 : 1000

15-04

SANDVIKA, 25. OKT. 1968





Målestokk = 1:1000



VEG TIL HARALD STAVE M.FL.

M 1:1000

SYKKYLVEN KOMMUNE, TEKNISK ETAT.


3.10.89. I.S.



VEGAREAL




SKJÆRING/FYLLING



F/N

K-deltplan

Rev. 03.02.2011



NU SINE MERKNADER / KOMMENTARAR TIL KONTROLLUTVALSAK 31/12:

Generelt til saksframstillinga

NU si handsaming av dei omtala tilhøva har blitt vurdert av fylkesmannen i 4 ulike samanhengar.

- Fylkesmannen 16.10.07 stadfester kommunen sitt vedtak i sak 97/07,
- Fylkesmannen 08.10.08 stadfester kommunen sitt vedtak i sak 18/08.
- Fylkesmannen 14.08.09 gjer nærare greie for bygningsmynde si oppgåve
- Fylkesmannen 23.02.11 avviser klage på kommunen sitt vedtak i sak 11/10.

I ingen av breva har fylkesmannen kritiske merknader til kommunen si handsaming, ev. mangel på handsaming. Om resultatet var motsett, dvs. at fylkesmannen i fleire, ev. alle, av tilhøva fann å måtte kritisere eller oppheve kommunen si handsaming, kunne ein lettare forstå kontrollutvalet sitt engasjement.

NU vil og nytte fylkesmannen som grunnlag for å forklare kvifor utvalet har valt å ikkje å gå inn i alle deler av dei omtvasta tilhøva. Dette som ei grunngeving i høve til kva som kontrollutvalet synest å meine, jf. kontrollutvalet, særleg saksdel datert 03.10.12. NU ber kommunestyret merke seg at fylkesmannen tilkjennevir likt syn med den tolkinga NU har lagt til grunn.

Siterer frå fylkesmannen 16.10.07:

«Fylkesmannen finn derfor å måtte orientere om at bygningsmyndigheitenes oppgåve er avgrensa til ein kontroll av om omsøkte tiltak er i samsvar med plan- og bygningslovgivinga jf pbl. § 95, nr.2. Ei fastsetting av kvar eigedomsgrensa mellom dei to eigedomane går fell dermed utanfor bygningsmyndigheitenes kompetanse etter plan- og bygningslova og må løysast etter privatrettslege regler».

Vidare, fylkesmannen 08.10.08:

« Inneleingsvis finn fylkesmannen grunnlag for å presisere at bygningsmyndigheitenes oppgåve er å sjå til at tiltak ikkje er i strid med plan- og bygningslovgivinga. Bygningsmyndigheitene har ikkje kompetanse til å avgjere privatrettslege forhold. Fylkesmannen har dermed ikkje høve til å avklare forhold vedrørande klagars rett til nausttomt og «fornøden baadstø».

Og så, fylkesmannen 14.08.09:

« Sætre synes å meine at bygningsmyndigheitene no har ei plikt til å pålegge Stave å lage til støa i samsvar med jordskifterettens dom. Dette er ei privatrettsleg sak. Som presisert i vårt vedtak av 08.10.08 er bygningsmyndigheitenes oppgåve å sjå til at tiltak ikkje er i strid med den offentlegrettslege plan- og bygningslovgivinga. Bygningsmyndigheitenes myndigheit er avgrensa til dette og vi har dermed heller ikkje heimel for å gå inn å gi pålegg om at ein jordskiftedom vert følgt opp. Det som har vore bygningsmyndigheitenes oppgåve i føreliggande sak er å sjå til at den ulovlege fyllinga vart retta i samsvar med krava i plan- og bygningslova. Det forhold at restane av den ulovlege fyllinga i etterkant av vår avgjerd har vist seg å vere i strid med Sætres rett til stø., endrar ikkje det forhold at det ut frå plan- og bygningslovgivinga er greitt at fyllinga ligg der. Dette inneber likevel

ikkje at det privatrettsleg sett er i orden at restane av fyllinga ikkje vert fjerna . Dersom partane sjølve ikkje blir enige om løysing av dette, vil ein kunne gå til domstolane.»

NU har såleis prøvd å unngå å gå inn i det som vart vurdert til å vere av «privatrettsleg karakter» . NU meiner (fortsett) at dei her har vurdert saka rett, jf. og det fylkesmannen skriv.

NU ser at alt skjønn kan utøvast med ein viss grad av ulikskap. Men NU tek ikkje sjølvkritikk på utvist skjønn i aktuelle saker.

Til einskildformuleringar / einskildtilhøve nemnde til sak 31/12

- Til kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret:

NU meiner det ikkje er grunnlag for den uroa kontrollutvalet uttrykkjer i pkt. 1 i tilrådinga til vedtak, jf. her at kompetent organ som fylkesmannen har stadfesta kommunen sine vurderingar/merknader utan å kome med kritiske merknader.

Som det går fram av fylkesmannen sine klageavgjerder, er fylkesmannen sitt vedtak endeleg. NU ser derfor heller ikkje korleis ein ev. på ny skulle «ta fatt» i desse sakene, jf. pkt. 2 i kontrollutvalet sitt vedtak.

NU meiner at kontrollutvalet uansett er for generaliserande når dei i sitt pkt. 1 gjer dette til ein generell uttale retta mot, sit.; «mangelfull oppfølging når det gjeld søknadspliktige tiltak i Sykkylven kommune». NU meiner her at kontrollutvalet ikkje har dekning for sin påstand.

- Til oversendinga frå kontrollutvalet av 25.10.12; sit: « eventuell godkjent reguleringsplan frå 1969 som vart nemnt i møtet». (Ref. møte 23.10.12).

Denne planen er godkjend. Den er omtalar også adv. Kvammen i sitt skriv til kontrollutvalet av 25.06.12, sjå ca midt s 3 av 5. Den har vidare «vore med» i den kommunale saksutgreiinga frå første sak, sjå. td. saksopplysninga, 1. setning, sak 97/07 av 07.05.07 og fylkesmannen av 16.10.07, s 2 av 4, andre avsnitt under merknader, ref.: «gjeldande reguleringsplan, Knutgarden av 04.11.69».

- Kontrollutvalet 03.10.12 s 2, «saksbehandlingsfeil som må tilskrivast svak saksførebuing».

Kontrollutvalet nemner her både NU sak 18/08 og fylkesmannen sitt brev av 14.08.09. Det er uklart kva eksakt som er meint, men igjen: NU sitt vedtak er etterprøvd av kompetent organ (fylkesmannen) . NU utsette endåtil saka den 07.05.08 til dei hadde vore på synfaring 18.05.08, ei synfaring der også partane møtte. Basert på dette gjorde NU så sitt vedtak i seinare møte den 02.07.08, sak 40/08. NU meiner å ha vore godt kjend med tilhøva på staden ved vedtakstidspunktet. Dei faktiske tilhøva var kjende for utvalet. Dette i motsetnad til det kontrollutvalet skriv på s2 i sin saksdel datert 03.10.12. Fylkesmannen stadfesta elles NU sitt vedtak i brev av 08.10.08, vidareført i brev av 14.08.09, - utan kritiske merknader.

- Til kommentarane, pkt. 2.4 i kontrollutvalet si sak:

Det vert her «skapt» eit inntrykk av at der ikkje har vore synfaring. NU vil derfor igjen presisere at dei har vore på synfaring, jf. overståande, NU si handsaming 02.07.08, sak 40/08 med vidare ref. til sak

18/08. I tillegg har m.a. leiar og administrasjonen vore på staden i fleire høve. Veganlegget har vore uendra i denne perioden. I tillegg ligg/låg der føre god biletedokumentasjon. NU meiner derfor også her å ha godt grunnlag for si vurdering.

- Kontrollutvalet 27.06.12, s 2, sit: « Å begrunne ei avgjerd på denne måten verkar usakleg, irrelevant og vilkårleg og neppe i samsvar med den rettstryggleiken ein innbyggjar skal ha».

Det er nærliggande å spørje om at dersom kommunen si handsaming i sak 11/10, NU sitt vedtak av 03.02.10 og NU si klagehandsaming av same sak i møte 01.09.10, sak 39/10, var så slett, kvifor retta fylkesmannen i tilfelle ikkje ein «peikefinger» mot kommunen i sitt brev av 23.02.11.? Fylkesmannen hadde då kommunen si handsaming av nemnde saker til vurdering, og ville nok, om td. den einskilde innbyggjar sin rettstryggleik stod på spel, kommentert dette.

NU gjorde tvert i mot det motsatte. Dei lytta til begge partar. NU utsette klagehandsaminga 28.04.10 (sak 23/10), - for å prøvde å medverke til semje, - for så når dette ikkje lukkast, - å handsame klaga i møte 01.09.10, sak 39/10.

Til NU-sak 23/10, møte 28.04.10, ref. klagehandsaming av sak 11/10, er der gjort slik greie for spørsmåla om ma. vern av strandsona samt den bygde vegen si plassering i høve vedtekne planar. Vegen vart bygd i 1994 dels i det som var regulert vegareal (ref. reguleringsplan for Knutgarden av 04.11.69), og dels i det som i kommunedelplanen (frå 1991 mv) er byggeområde, naustføremål.

NU såg (og ser) det ikkje hensiktsmessig i 2010, ev. i 2012, å gjere meir ut av denne vegsaka, jf. vurderingane i dei nemnde NU-sakene. Til forklaring låg brev av 04.11.09 frå K. Stave. Til det kartvedlegget (merka 03.09.89) som ligg ved kontrollutvalet sitt brev av 25.10.12 merkast at dette er ei skisse, omtala i brev til av 06.05.97 frå Sykkylven kommune v/ plansjef (JF), sit.: « Plan og miljøutvalet har vore på synfaring i området. Utvalet tilrår at tilkomst blir om lag som vist på skisse av 03.10.89, dvs. tilkomst frå aust.» Tydlegare sakshandsaming har ein ikkje funne. Men når det gjeld reguleringsplanen frå 1969 si vegløyising, så vil NU likevel presisere at dei ser det som lite truleg at denne vert å realisere med slik omfang (td. breidde) og med slik trase langs sjøen som er vist i nemnde plan. Dette skjønnnet tilsa at Sætre i 2006 fekk utvide /bygge nytt naust delvis på det her regulert vegarealet. Kommunedelplanen viser då no også «blindveg», med ei avslutning av vegen med ei vegarm opp mot bustadhusa, og ei vegarm ned mot nausta til fam. Stave. Vegen fram til nausta er av lav standard, men vurdert å stette behova for veg til naust. NU finn det rimeleg at denne bruken får halde fram.

- Naust eller rorbu ?

Til spørsmålet om rorbuer vert det til orientering nemnd at alle dei fire eigarane, Oseberg 23.10.12, D. Stave 28.10.12, H. Stave 29.10.12 og A. Stave 30.10.12 har stadfesta bruk til naust. Dette som ei oppfølging til NU sitt vedtak 23.11.11, sak 55/11, om å avslå bruksendring frå naust til rorbu.

- Til bygd betongkai i fjøra

Finn ikkje kommunal sakshandsaming av denne, men har etter det ein kan sjå vore ei utvikling over tid, frå vor til brygge, men kvalitetsheving etter tid og tilhøve, truleg og forsterking pga. sjø og isgang.

- Opparbeiding i april 2012 av det som av kontrollutvalet er omtala som veg frå Breivikhytta

Gjeld truleg gravearbeid på gbr 39/16 ovom huset til Kjell Stave. Først som rydding etter Dagmar, deretter mindre terrengbearbeiding opp mot Sørestrandvegen. Ikkje vurdert av NU, men kommunen v/ t.sjef har etter synfaring vurdert tiltaket til å vere unnateke søknadsplikt, ref. pbl § 20-3 d, samt sak § 4-1 c) pkt. 4 og 6.

- Gravearbeid i juni 2012


Ukjend, men sagt til t. sjef å måtte vere oppankring av (mellombels) flytebrygge.

Heilt til slutt. Det vert og eit spørsmål om kapasitet. Ein klarer ikkje å kontrollere eller etterprøve alle tiltak. Så skal det i kvart tilfelle utøvast eit skjønn. Her kan ein som tidlegare nemnd vurdere sakene ulikt.

For NU 19.11.12



B.L.L / leiar i NU



Del av m.m.-plan 1969 - "Knutgarden"

Gamle naustet
 til O. Sætre,
 gbr. 39/4.

Knutgarden på
 Sætre

J.nr. 1376/69 PL.
JML/AM

Oslo, 4. november 1969

ENDRA REGULERINGSPLAN FOR DEL AV IKORNES (KNUPGARDEN/HELLEN SETRE)
I SYKKYLVEN KOMMUNE.

§ 28 i jfr.

I medhald av § 27 i bygningslova av 18. juni 1965 har Kommunal- og arbeidsdepartementet ved brev av i dag til fylkestilmannen i Møre og Romsdal stadfesta denne reguleringsplanen.

Vidare har departementet stadfesta føresegner i tilknytning til reguleringsplanen.

Planen er teikna inn på dette kartet i samsvar med vedtak av Sykkylven kommunestyre i møte den 12. juni 1969.

Bygn.kontorets
kontroll-nr.

525 / 69

KOMMUNAL- OG ARBEIDSDEPARTEMENTET
Etter fullmakt

Magne Strøm
Magne Strøm

487 76

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 27.02.2013

**SAK 07/13
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som vedlegg følger

- Plan for selskapskontroll i Sykkylven kommune

OM SELSKAPSKONTROLL

Det første underomgrepet innan selskapskontroll er "eigarskapskontroll". Det er definert i kontrollutvalsforskrifta § 14 første ledd andre leddsetning: "... kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll)." Denne kontrollforma er ikkje djuptgåande og gjeld eigentleg ikkje selskapet, men derimot utøvinga av eigarstyringa. Denne oppgåva kan gjerast av kontrollutvalsekretariatet eller revisjonen.

Det andre underomgrepet er "forvaltningsrevisjon av selskap". Det er omtalt i kontrollutvalsforskrifta § 14 andre ledd. Dette er ein djuptgåande kontroll av selskapet og ettersom denne er definert som revisjon, kan den berre utførast av revisjonen. Forskrifta viser her til definisjonen av forvaltningsrevisjon i revisjonsforskrifta § 7.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon kan seiast å markere to ytterpunkt i selskapskontrollen, på den eine sida kontroll av utøvinga av eigarstyringa, på den andre kontroll av måloppnåing, ressursbruk og liknande i selskapet. Mellom desse ytterpunktka kan det ligge kontrollar av selskap som kombinerer element frå dei to kontrollformene.

1.1 KONTROLL SOM SELSKAPSORGANA SJØLVE ER ANSVARLEGE FOR

Rekneskapane til aksjeselskap og interkommunale selskap blir reviderte av selskapa sin revisor. Her ligg det ein vesentleg kontroll. Revisjonsmeldinga er retta til generalforsamlinga, der representantane for eigarane sit. Andre element i kontrollen internt i selskapet vil vere internkontrollen til dagleg leiar, kontrollen til styret og ein eventuell internrevisjon.

1.2 KVA ER SELSKAPSKONTROLL

I tillegg til den kontrollen som selskapa sjølve driv, er kommunane pålagt å drive kontroll overfor selskapa sine. Selskapskontroll går ut på å vurdere i kva grad kommunen si eigarstyring og verksemda i selskapa er i tråd med vedtektene til selskapet og med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret.

Selskapskontroll er ei obligatorisk oppgåve for kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 5: ”*Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*” Ein reiskap i selskapskontrollen er det vide innsynet som kommunelova § 80 gir for kontrollutvalet og revisor i kommunalt eigde selskap.

Selskapskontrollen er ei lovfesta kontrollform som samspekar med eigarstyringa elles. Kontrollutvalet har gjennom selskapskontrollen ei sentral rolle overfor kommunen sine aktivitetar som eigar. Utanom selskapskontrollen er eigarrolla i liten grad regulert i lov eller forskrift. Det er derfor opp til kommunane og kommunesektoren sjølv å finne fram til gode måtar å handtere eigarskapen på.

Hovudomgrepet er selskapskontroll, og det dreier seg altså om kontroll med forvaltninga av dei interessene kommunen har i selskap. Definisjonen er den same som i staten, jf. lov om Riksrevisjonen § 9 andre ledd. Selskapskontroll kan romme ulike kontrollar.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet kontrollformer som kan nyttast overfor alle selskap kommunen er medeigar i. Innsynsretten etter kommunelova § 80 er avgrensa til interkommunale selskap og aksjeselskap som er fullt ut eigd av kommunar og fylkeskommunar. I den grad innsyn er naudsynt for å gjennomføre eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, til dømes om ein treng informasjon som ikkje er tilgjengeleg i offentlege kjelder, vil ein måtte avgrense kontrollen til selskap som fullt ut er eigd ut av kommunar og fylkeskommunar. Kommunelova § 80 gir kommunane innsyn i selskap, men heimlar ikkje i seg sjølv kontroll.

Kontrollutvala har vide fullmakter til å kontrollere selskap som kommunen eig. Reglane om selskapskontroll kom i 2004, og dette er dermed framleis ei ung kontrollform. Selskapskontrollen er obligatorisk ved at kontrollutvalet skal sjå til at slik kontroll blir gjennomført og lage ein plan. Det er likevel valfritt om selskapskontrollen skal omfatte forvaltningsrevisjon.

1.3 ORGANISERING SOM RISIKOFAKTOR

KS har henta inn *Kommunal selskapsstatistikk* i 2009 (Telemarkforskning), som viser at kommunane og fylkeskommunane eig 2600 selskap. Om lag 75 prosent av dei er aksjeselskap. Selskapa har ei omsetning på om lag 100 milliardar kroner. Verdiane dei forvaltar er vanskelegare å anslå, men *Kommunal selskapsstatistikk* ser for seg om lag 300 milliardar kroner. Selskapa har over 50 000 tilsette.

Kontrolldimensjonen bør bli vurdert når kommunen organiserer verksemda si. Generelt bør kommunestyra vere merksame på fordelane og ulempene med dei ulike organisasjonsformene kommunane kan velje blant. Dersom kommunen vurderer å stifte eit kommunalt føretak, bør

kommunestyret vere merksam på at verksemda i føretaket etter gjeldande reglar ikkje er omfatta av internkontrollansvaret til administrasjonssjefen sjølv om føretaket er ein del av kommunen. Dersom kommunen vurderer å lage ei stifting, bør kommunestyret vere merksam på at kommunen ikkje eig stiftinga og kan ikkje kan endre føremålet med stiftinga og har ikkje innsynsrett i stiftinga etter kommunelova § 80.

Samansettinga av styret er viktig i kontrollsamanheng. Endringane i habilitetsreglane frå november 2011 er meint å skape auka rolleklarleik. Endringane går ut på at leiarar og styremedlem i kommunalt eigde selskap blir inhabile når selskapet er part i ei sak som blir behandla i kommunen, sjå nærare om dette i Ot.prp. nr. 50 (2008-2009).

1.4 EIGARSKAPEN MÅ HA EIT FØREMÅL

Det er ein føresetnad for god kontroll med kommunalt eigde selskap at kommunestyret veit kvifor kommunen eig selskapet. Her er mange kommunar på god veg, mellom anna gjennom tilrådingane frå KS Eigarforum. Av Ot. Prop. Nr. 70 (2002-2003) går mellom anna følgjande fram:

For kommunestyret som øverste ansvarlige organ i kommunen vil det også være viktig hele tiden å vurdere om de organisasjonsformer som kommunen har valgt for sin virksomhet, er egnet til å fremme de mål og verdier for kommunens virksomhet som kommunestyret mener er viktige.

Dersom kommunen vel å etablere eit føretak eller eit selskap, må det definerast eit føremål med eigarskapen – både for at selskapa skal kunne skape resultat for innbyggjarane, for at kommunestyra kan drive god eigarstyring, og for at kontrollutvalet skal kunne drive tenleg og naudsynt kontroll. For å halde tritt med utviklinga i selskapa og omgivingane deira bør kommunestyret behandle eigarskapsmeldingar og strategiar for alle selskap og føretak minst ein gong i kvar periode.

1.5 BRUKEN OG NYTTEN AV SELSKAPSKONTROLL

Selskapskontroll kan vere retta mot eigarstyringa til kommunen og mot selskapet. Dersom fleire kommunar går saman om å kontrollere eit selskap dei eig saman, kan dette både teljast som ein selskapskontroll og som ei tinging frå kvart kontrollutval. Desse forholda gjer at ein må vite kva ein spør om når ein kartlegg bruken av selskapskontroll.

1.6 SAMORDNING AV KONTROLLEN I SELSKAP MED FLEIRE KOMMUNAR SOM EIGARAR

I kommunesektoren er det vanleg med interkommunalt samarbeid gjennom selskap som kommunane eig saman. Interkommunale selskap er ei selskapsform som er utforma særskilt for slik verksemd som kommunane samarbeider om, men aksjeselskap som er eigd av fleire kommunar, er også vanleg.

Reglane for selskapskontroll gir kvar eigarkommune store muligheiter til å føre kontroll, men har ikkje føresegner om samordning av felles kontrollaktivitetar. I og med at selskapskontroll er krevjande, også økonomisk, kan fråver av samordning bli fråver

av kontroll. Dette gjeld særleg for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon, som krev fleire timar enn annan selskapskontroll. Fråver av samordning av kontroll av selskapet kan òg innebere sløsing med ressursar dersom dei same tilhøva nyleg er kontrollerte i ein annan selskapskontroll. Det bør vere ein dialog om korleis ein skal drive selskapskontrollen med selskap der fleire kommunar er eigarar. Dette bør vere eit tema allereie når slike selskap blir stifta. Ei løysing er at vedtektene for selskapet seier kven av eigarkommunane som skal ha eit overordna ansvar for å samordne selskapskontrollen gjennom kontrollutvalet sitt. Ei anna løysing er å skrive inn samordning i ein selskapsavtale mellom dei deltakande kommunane. Dette vil sjølvsagt ikkje avgrense dei moglegheitene som dei andre eigarkommunane har til å drive selskapskontroll, men det kan gjere det tydeleg kven som har ansvaret for å ta initiativ til å setje i gang selskapskontroll. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpande tilsyn med verksemda i (verts)kommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Etersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret, oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegerte frå andre kommunar. Formelt ville derfor myndigheita til kontrollutvalet vere tilsvarande avgrensa, sidan det får myndet si frå kommunestyret.

Kontrollutvala bør få den informasjonen om selskapa som dei treng for å planleggje selskapskontrollen. Sekretariata har eit ansvar her. Kommunestyret kan etter kommunelova § 80 andre ledd fastsetje føresegner om kva dokument selskapa skal sende til kontrollutvalet og revisor. Det er òg viktig at selskapa sjølve følgjer regelen i kommunelova § 80 tredje ledd:

”Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.”

1.7 SELSKAP MED BÅDE KOMMUNALE OG PRIVATE EIGARAR

Selskap der det også er private eigarar med, skapar større utfordringar i eit kontrollperspektiv fordi kommunen ikkje har same retten til innsyn som elles. Det vil vere opp til kommunane å syte for at kontrollfunksjonen blir sikra under etableringa av slike selskap.

Kommunane bør utforme gode eigarstrategiar før dei deltek i selskap der private er medeigarar. Kommunen bør vidare vurdere å krevje innsyn slik at kontrollutvalet kan gjennomføre selskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet ut frå kommunen sine interesser.

1.8 KONTROLL MED VERTSKOMMUNESAMARBEID

Ansvarsområdet til kontrollutvalet vil i utgangspunktet ikkje bli endra når kommunen blir med i eit vertskommunesamarbeid. Kontrollutvalet har ansvar for å utøve det

løpande tilsynet med verksemda til kommunen på vegne av kommunestyret. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpande tilsyn med verksemda i vertskommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegert frå andre kommunar. Formelt vil derfor myndet til kontrollutvalet vere tilsvarande avgrensa, sidan det får myndet sitt frå kommunestyret. Departementet legg likevel til grunn at dette ikkje vil innebere at myndet til kontrollutvalet i vertskommunen nødvendigvis må avgrensast tilsvarande. Kontrollutvalet skal i alle høve ikkje overprøve den politiske sida av vedtaka eller kor tenlege ulike vedtak er. Kontrollutvalet vil konsentrere seg om at lover, reglar og avtalar blir følgde. Dette ansvaret vil kontrollutvalet i vertskommunen kunne ha sjølv om kommunestyret i vertskommunen vil ha avgrensa mynde i saker som kjem frå andre kommunar. For å slå fast dette er det teke inn ei føresegn om dette i kommunelova § 28j.

Det kan vidare vere behov for at kontrollutvala i samarbeidskommunane får informasjon om vedtak i vertskommunen etter delegert myndigheit. I samarbeidsavtalen skal det takast inn føresegner om informasjon frå vertskommunen til kvar einskild samarbeidskommune. Kontrollutvalet i samarbeidskommunane vil ha rett til den same informasjonen som den kommunen sjølv får. Kontrollutvalet i samarbeidskommunen vil ha tilgang til all dokumentasjon og all informasjon som samarbeidskommunen får.

Det er ikkje gitt spesielle reglar om revisjon for vertskommunesamarbeid. Det å inngå vertskommunesamarbeid inneber ikkje behov for endringar i regelverket om rekneskap for kvar einskild kommune. Revisjon av rekneskapa i dei aktuelle kommunane kan gjennomførast etter dei vanlege reglane.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon, kan det likevel vere tenleg at det blir etablert kontakt om samarbeid mellom deltakarkommunane dersom det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon av sjølve vertskommunesamarbeidet.

1.9 OMFANGET AV INNSYNSRETTE

Kommunelova § 80 seier ikkje noko om selskapskontroll med samarbeid etter kommunelova § 27. Kommunen har uavkorta innsyn så lenge samarbeidet ikkje er eige rettssubjekt. Heimelen i kommunelova § 27 blir framleis nytta til ulike type verksemdar som er sjølvstendige rettssubjekt. Kommunelova § 80 gir heller ikkje rett til innsyn i stiftingar som kommunen har teke initiativ til eller er knytt til på annan måte, til dømes gjennom rett til å velje styremedlemmer.

SELSKAPSKONTROLLEN I SYKKYLVEN KOMMUNE

For dei selskapa der kommunen er medeigar saman med andre kommunar må kontrollen koordinerast og selskapskontrollen vil skje i regi av kontorkommunen.

Dei aktuelle selskapa er :

1. Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS
2. Sykkylven Bustadselskap AS
3. Storfjordterminalen AS
4. Sykkylven Energi AS
5. Sykkylven Eignedomsutvikling AS
6. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
7. Sunnmøre regionråd IKS
8. Åknes/Tafjord Beredskap IKS

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling:

Ein selskapskontroll inn mot dei selskapa der Sykkylven kommune er deleigar saman med andre kommunar, blir å koordinere med dei andre eigarane og særskilt kontorkommunen. Forutan eigarskapskontroll kan ein forvatningsrevisjon bli utført dersom det blir vurdert som føremålstenleg. Denne vurderinga blir i første omgang gjort av kontrollutvalet i kontorkommunen. Selskapa er:

1. Ålesundregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)
2. Sykkylven Bustadselskap AS
3. Storfjordterminalen AS
4. Sykkylven Energi AS
5. Sykkylven Eignedomsutvikling AS
6. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
7. Sunnmøre regionråd IKS
8. Åknes/Tafjord Beredskap IKS

Harald Rogne
dagleg leiar